



Ungdomsbedrifta på KVV er godt nøgd med datatreffet i Uskedalen i natt. F.v: Kristoffer Leirvik, Catrine Saghaug (Uskedalen), Runar Lofthus Åkre og Kristoffer Tufta.

20 ungdomar var samla til datatreff i Uskedalen i natt. Ei ungdomsbedrift frå Kvinnherad Vidaregåande skule med 6 elevar var arrangør. Av dei finn vi Catrine Saghaug frå Uskedalen. Målet med LAN treffet er å laga ein sosial møteplass for ungdom med spel- og datainteressar.

LAN treffet i Aktivitetshuset opna i går kveld i 20 tida og vart avslutta i dag før klokka 11. Kvinnherad Breiband som sponsor har hjelpt til med installering og oppkopling. Kvinnherad Bygg har ytt assistanse. Tida har gått med til dataspel og konkurransar. Mange sit heime, åleine på sine rom, med sine spel. Her er det snakk om å møtast i eit sosialt tilrettelagt forum.

Utgangspunktet for ungdomsbedriften var å hjelpa eldre til å bli trygg på databruk. Seinare har det utvikla seg til aktivitetar for elevane på KVV. Datatreffet i Uskedalen vert rekna som svært vellukka og det er ynskje om å gjera det same ein gong før sommarferien.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal